

oseana

KUNST & KULTURSENTER

ÅRSMELDING
FOR 2025



INNHALD

Styrets melding for 2025.....	3
Oseana si utvikling.....	4
Grieg Kunstsamling og Galleri Hvelvet.....	8
Berekraftfokus.....	10
Bjørnafjorden kulturskule.....	11
Økonomi.....	12
Aktivitetane.....	13
Kommunikasjon og marknadsføring.....	14
Organisasjonen.....	16

STYRETS MELDING FOR 2025

Det er med glede at styret legg fram si melding for 2025. Besøktala har auka, og det økonomiske resultatet er tilbake i balanse. Dette er eit resultat av målretta innsats og godt samarbeid mellom styret, administrasjonen og våre samarbeidspartnarar.

2025 har vore eit år prega av høg aktivitet, brei programprofil og styrka økonomisk resultat. Oseana har vidareført utviklinga frå stabiliseringsåret 2024 og levert både kunstnarisk kvalitet og økonomisk overskot.

Rekneskapan for 2025 viser eit overskot på 922 857 kroner. Etter underskot i 2023 og balanse i 2024, representerer 2025 ei tydeleg styrking av den økonomiske situasjonen.

Styret vurderar at utviklinga stadfestar ein meir robust og berekraftig driftsmodell, der auka aktivitet og breidde i programmet gir positiv effekt både kunstnarisk og økonomisk.

Oseana sitt primære formål er å vere eit kunst- og kultursenter som fungerer som eit brukshus for det lokale kulturlivet, samtidig som det er ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum. I 2024 har vi sett ei positiv utvikling med auka publikumsoppslutning frå heile regionen.

Den nye vegen og tunnelstrekket frå Bergen til Os gir nye moglegheiter for Oseana, og vi ser fram til å utforske desse saman med dei planlagde hotellprosjekta i området. Vi er overtydde om at denne utviklinga vil bidra til vidare vekst.

Styret vil takke Bjørnafjorden kommune, sponsorar, leigetakarar, artistar, frivillige og besøkande for samarbeidet i 2025. Ein særskilt takk går til Grieg Foundation for verdifull støtte.

Sidan oppstarten i 2011 har Oseana hatt ein stab som har strekt seg langt for å oppfylle visjonen om å vere "eit hus for opplevingar". Styret vil rette ein stor takk til staben og dagleg leiar for innsatsen som har gjort det mogleg å levere kultur av høg kvalitet gjennom året.

Vi ser fram til å bygge vidare på denne positive utviklinga og til eit nytt år med kunst og kultur av høg kvalitet for heile regionen.

STYRET OSEANA KF

OSEANA SI UTVIKLING



Oseana sitt primære formål er å vere eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vere ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vere "eit hus for opplevingar" for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikle Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadkommune.

Det er gledeleg at vi registrerer jamt besøk frå heile fylket. Vi veit at møte mellom menneske, gode samtalar og fellesskap er noko vi alle treng i kvardagen.

2019 vart rekna som eit toppår for Oseana, med høg aktivitet og sterk billettomsætning. Etter fleire krevjande år har vi i 2025 ikkje berre henta oss inn att – vi har passert toppnivået frå før pandemien.

Utviklinga frå 2023 til 2025 viser ein klar samanheng mellom tal arrangement og inntekter. Når vi aukar aktivitetsnivået og breidda i programmet, responderer publikum positivt. Billettomsætninga har auka frå 4,1 millionar kroner i 2023 til 7,9 millionar kroner i 2025.

Dette viser at strategien med fleire arrangement og større breidde verkar og at publikum er tilbake etter vanskelege pandemiår. Samtidig krev høg aktivitet tett styring og prioritering. 2025 viser at vi har funne ein balanse der kunstnarisk ambisjon, publikumstilbod og økonomisk berekraft går hand i hand.

Programåret 2025 har vore det mest omfattande i perioden etter pandemien, med 130 kulturarrangement. Dette er ein betydeleg auke frå 2023 og 2024, med høvesvis 92 og 98 arrangement.

Utviklinga i billettomsætning viser ein direkte samanheng med aktivitetsnivået:

2019: 7,1 mill. kr

2023: 4,1 mill. kr

2024: 6,2 mill. kr


2025: 7,9 mill. kr

2019 var eit toppår. At 2025 no ligg om lag 800.000 kroner over dette nivået, viser at Oseana har styrkt marknadsposisjonen og betalingsviljen i publikum.

Programmet har vore variert og innhaldsrikt. Programprofilen i 2025 har kombinert:

- Institusjonelt samarbeid, som Opera ved Fjorden og Riksteatret
- Store konsertar med nasjonale artistar som Sissel Kyrkjebø og Thomas Dybdahl
- Regionale publikumsfavorittar som Vassendgutane og Vinskvetten
- Humor og show med Dagfinn Lyngbø og Christoffer Schjeldrup
- Sesongforankra arrangement som julekonserten med Eirik Søfteland og Chris Lund
- Lokale og frivillige lag og organisasjonar som Os Musikkforening, Os skulekorps og elevar frå Bjørnafjorden kulturskule

Breidda i programmet styrker synlegheita, auka publikumsfrekvensen og gir større gjennomslag i marknaden. Utviklinga viser at auka aktivitet ikkje berre gir fleire arrangement, men også større relevans og sterkare publikumsrelasjon.



Bilete:

1: Det var fullsatt sal under showet med Dagfinn Lyngbø

2: Glimt frå julekonsert med Eirik Søfteland og Chris Lund



Bilete: Glimt frå utstilling med verk frå Grieg Kunstsamling

Ein viktig samarbeidspartnar er Bergen Nasjonale Opera med Opera ved Fjorden-prosjektet. I tillegg til dei gode samarbeidsplattformane vi har med lokale aktørar, er slike regionale og nasjonale samarbeid viktige for å oppretthalde breidda i programtilbodet.


Også samhandlinga med Grieg Foundation og samarbeidet kring utviklinga av Oseana som kunstinstitusjon i regionen, er ytterlegare styrka i året som gjekk. Nytt i fjor var at vi etablerte inngangspengar. Det gav oss ei publikumsjustering frå året før. Aktiviteten har likevel auka betydeleg, både ved innkjøp av kunst, vidareføring av eigne utstillingar og omvisingar i samlinga kvar veke.

Vi vil også trekke fram samarbeidet med AFF og Solstrandprogrammet. I 2025 var det 12-årsjubileum for dette samarbeidet som har fokus på samanhengen mellom kunst, kultur og leiging.

Vi har jobba hardt og målretta i løpet av året, og det er særleg gledeleg å melde at vi i 2025 sette rekord i både billettomsætning og antal selde billetter.



GRIEG KUNSTSAMLING OG GALLERI HVELVET



Det var seks ulike utstillinger i Grieg Kunstsamling og Galleri Hvelvet i året som gjekk, med om lag 4000 besøkande. I 2025 starta vi med billettsal og har selt til saman 862 billetter i året som gjekk. I tillegg kjem besøkande på omvisingar, opningar, etc., som ikkje er registrert med billett.

Vi hadde i alt 67 opne omvisingar i tillegg til fire spesialomvisingar for menneske med demensdiagnose, som også er talde med her.

- Gruppeutstilling 29. januar – 23. mars (Hvelvet): «Ni norske i samlinga», med verk av Idun Baltzersen, Sverre Bjertnes, Marie Buskov, Anna Daniell, Steinar Haga Kristensen, Lotte Konow Lund, Aurora Solberg, Øyvind Sørfjordmo og Tyra Tingleff
- Samlingsutstilling 29. januar – 23. mars (Griegsamlingen).
- Sommarutstilling 2025: «STRÅLAR», 25. april –31. august (begge galleri)
- Samlingsutstillinga «Folk og folkeliv» frå 17. september (Griegsamlingen). Varar t.o.m. 5. april 2026.
- Willibald Storn, soloutstilling 17. september – 26. oktober (Hvelvet)
- Bjørneboe & Brændsrød, duoutstilling 5. november – 21. desember (Hvelvet)

Grieg Kunstsamling er eigd av Grieg Foundation, og forvalta av Oseana. Samlinga er fundamentet for husets eksistens, og saman med programmet i Galleri Hvelvet er den eit strålende utgangspunkt for å utvikle Bjørnafjorden vidare som kunstkommune.

Bilete 1: Glimt frå gruppeutstillinga Ni norske i samlinga vår 2025

Bilete 2: Verk av Maria Victoria Wulff Andreassen frå sommarutstillinga STRÅLAR

Bilete 3: Verk av Esther Marie Bjørneboe frå duoutstillinga november/desember



Med samlinga skapar vi rullerande utstillingar i Oseana, ofte i samarbeid med andre institusjonar eller kunstnarskap. I 2025 hadde vi fire slike samlingsutstillingar.


Med midlar frå Grieg Foundation har vi styrka kompetansen på kunst ved å tilsette ein eigen museumsteknikar. Samlinga tel opp mot 1000 verk – dette krev solid kompetanse med tanke på konservering, lagring og transport i samband med utstillingane.

Samlingsforvaltning

Samlinga er no ein del av den nasjonale museumsdatabasen Primus. Dette er eit viktig ledd i profesjonaliseringa av drifta av samlinga, fordi ein alltid har kontroll på kvar alle verk er, og kan følge opp til dømes restaurering og utlån i “skya”. Primus er også kobla til Digitalt Museum, som er det viktigaste verktøyet for forskning og mellom-museal formidling i Noreg. Med dette er Oseana no ein del av det breie museumsnettverket, noko som over tid vil skape store ringverknader.

Formidling

Formidlingsprogrammet bestod av offentlege og private omvisingar og Friskunst skulebesøk. I tillegg etablerte vi i 2025 familieverkstader i foajéen på lørdagar med kunstnar Inga S. Søreide. Dette er eit lågterskeltilbod med kunst i fokus som er blitt svært populært.



Bilete:

Utsnitt av “Sneballkasting” av Hans Dahl (øverst) og utsnitt av “Bestefar vugger (Niels Gaihede og lille Sofus)”, av Christian Krogh.

Begge verka er del av samlingsutstillinga Folk og folkeliv.



BEREKRAFTFOKUS

I 2025 har Oseana vidareført sin miljøprofil.
Vi ønsker å vere eit føregangshus på berekraft.

Vi har eit teknisk avansert bygg, med eit solcellepanel på 540 kvm og eige varmepumpeanlegg i kjellaren.

Oseana er stolt samarbeidspartnar med Miljøfyrtårn og Klimapartnere.

Vi søker fortrinnsvis etter leverandørar og samarbeidspartnarar i marknaden som også tenker berekraftig.

BJØRNAFJORDEN KULTURSKULE

Samarbeid mellom Oseana kunst- og kultursenter og Bjørnafjorden kulturskule er viktig.

Kulturskulen har betydeleg kompetanse i pedagogikk og kunstfagleg læring.

Kultursenteret er flittig brukt til undervisning og framsyningar i Oseanasalen.

For Oseana er det viktig å vere ein god samarbeidspartnar for Bjørnafjorden kommune. Vi ønsker dessutan å vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med å utvikle reiseliv og Bjørnafjorden som destinasjon.



Bilete: Glimt frå danseframsyninga “Aleine, saman med alle dei andre”, med elevar frå Bjørnafjorden kulturskule, i Oseanasalen juni 2025.

ØKONOMI



Sjå vedlagt rekneskapsrapport for detaljar.

Årsresultat	2024	2025
Omsetning	18.624.421,-	26.102.799,-
Netto driftsresultat	-1.596.858,-	2.434.739,-
Meir-/mindreforbruk	4843,-	922.856,-

Oseana KF vart i 2025 tildelt kr 6.395.000,- i driftstilskot frå Bjørnafjorden kommune. For dette beløpet får kommunen tilbake ei rekke gjenytingar:

- Husleige for Bjørnafjorden kulturskule inkludert bruk av Oseanasalen
- Tilskot til leige av øvingsrom for faste leigetakarar: Os Musikkforening, Os Skulekorps og Os Swingklubb.
- Tilskot til lokale lag og foreiningar si leige av konsertlokale i Oseana

I tillegg til dette dekkar Bjørnafjorden kommune inn eit underskot frå 2023 på til saman 682.375.

Oseana har hatt totale driftsinntekter inkludert private og kommunale tilskot på 26.102.799,- i året som gjekk. Dette er ein betydeleg auke frå 2024.

Vi er privilegerte med fleire støttespelarar, der Grieg Foundation står i ei særstilling.

AKTIVITETANE

- 130 kulturarrangement
- 62 kurs, møte eller lukka selskap
- 6 utstillingar og kunstsamtalar i Hvelvet og Grieg Kunstsamling
- 71 omvisingar i Grieg Kunstsamling
- 175 øvingar med lokale lag og foreiningar


Aktivitetsanalyse:

Auken i billettsalet i 2025 er særleg driven av fleire kulturarrangement og eit program med stor breidde. Billettsalet auka til 31478, og totalt besøk enda på 57086. Dette inneber både omsetnings- og billettsalrekord.

Samstundes har Oseana halde oppe aktiviteten som brukshus for kulturskule, lag og foreiningar, og som vertskap for grupper, kurs og møteverksemd. Vi ser at innføringa av inngangspris har resultert i nedgang i besøket i Grieg Kunstsamling, men nedgangen kan også skuldast tidlegare usikre tal.

Publikumstal 2025 vart fordelt slik:

Kulturbesøkande - Tixly/anna	31478
Grieg Kunstsamling billett	862
Grieg Kunstsamling grupper og omvisingar	3500 (anslag)
Grupper (Konferanse, event, merkedagar etc.)	3246
Bjørnafjorden kulturskule, brukarar (anslag i høve til elevtal)	12000
Lokale lag og foreiningar, brukarar	6000 (anslag)
Totalt besøk	57086



Bilete: Vassendgutane i Oseanasalen

KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING

Oseana kommuniserer primært mot publikum gjennom:

- Nettsida www.oseana.no
- Sosiale medium og nyheitsbrev
- Annonsar
- Elektroniske infoskjermer på Oseana, Osbadet, Amfi Os, Kommunetorget på Rådhuset og Fjord'n senter.
- Pressemeldingar / redaksjonelle oppslag
- Digital marknadsføringsstrategi i samarbeid med Breakfast AS
- Oseana sin eigen app

ORGANISASJONEN

Tilsette

Oseana kunst- og kultursenter hadde ved utgangen av 2025 følgende tilsette:

- Direktør: Ole Tobias Lindeberg
- Produksjonsleiar: Linn Campell Schreuder
- Teknisk leiar: Kjetil Uthaug-Paulsen
- Teknisk produsent: Lukasz Wozny
- Kurator: Jørgen Larsson
- Museumsteknikar: Milan Bobysud
- Marknads- og kommunikasjonsansvarleg (vikariat): Marita Myhre
- Resepsjonsansvarleg: Anne Kristine Tøsdal
- Arrangementsvert og resepsjonist: Susanna de Groot
- Arrangementsvert og resepsjonist: Irene Strønen
- Resepsjonist: Hilde Bakke
- Reinhaldar: Marianne Helland

Blant dei fast tilsette er kjønnsfordelinga 60 % kvinner og 40 % menn.



Med unntak av artistar og teknisk personell knytt til gjestande produksjonar, utgjorde den årlege arbeidsmengda i Oseana kunst- og kultursenter ved utgangen av 2025 omlag 10 årsverk fordelt som følger:

Fast tilsette	8,8 årsverk
Ekstrahjelp	1,2 årsverk

Kurator og museumsteknikarstilling er finansiert av Grieg Foundation.

Det er lagt vekt på å skape ein fleksibel og effektiv driftsorganisasjon, med færrest mogleg fast tilsette. I vår region er dette mogleg, fordi det finst fleire større kulturarenaer og eit profesjonelt frilansmiljø, som kan yte teknisk betening til ulike produksjonar. Vi har i 2025 knytt oss sterkare til Fusa Lyd og Lys som teknisk leverandør.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Sjukefråvær for dei fast tilsette var i 2025 på 7,46 %. Dette består i hovudsak av to langtidssjukemeldingar.

Det blir jobba jamleg med arbeidsmiljøet, slik at Oseana skal halde fram å vere ein attraktiv og god arbeidsplass.

Det er ikkje registrert alvorlege hendingar for eigne tilsette i driftsåret 2025. Det er etablert eit nært samarbeid med Bjørnafjorden brann og redning, med fokus på krisehandtering og evakuering. Alle frivillige har fått grunnopplæring.

Oseana sin stab er organisert i Delta. Bedrifta har eigen tillitsvald og verneombod.



Bilete 1: Førstehjelpskurs for frivillige med Røde kors
Bilete 2: Årleg kontroll av Oseanasalen ved Krankontrollen AS

Drift av huset og frivilligheit

Vi merkar at bygget har blitt femten år gammalt og vi har økte utgifter på vedlikehald. Det er ein prioritert oppgåve å halde huset i god teknisk stand.

Oseana har nærare hundre faste frivillige som bidreg stort til både små og store arrangement. I staben set vi utruleg stor pris på kvar og ein av desse. Oseana vil nytta høvet til å takka for fantastisk innsats i året som gjekk.

Alle arrangementa blir avvikla ved hjelp av faste årsverk, samt innleigd personell. Vi har ofte behov for å leiga inn riggehjelp til ulike produksjonar, her har vi gode avtalar med frivillige lag og Vartun oppfølgingscenter i Bjørnafjorden kommune.

Styresamansetning

Styret i Oseana kunst- og kultursenter hadde i desember 2025 følgjande samansetting:

Styremedlem:

Daniel Skotheim (*leiar*)

Anita N Kristiansen (*nestleiar*)

Henrik Johannes Askvik

Kenneth Smørdal

Henriette Tverli Dale

Ruth Elin Midtbø

Anne Kristine Tøsdal
(*tilsettes representant*)

Varamedlem:

Terje Raunsgård (*1. vara*)

Kjetil Osablod Grønvig (*2. vara*)

Anna Parnefält Størksen (*3. vara*)

Jørgen Larsson
(*vara for tilsettes representant*)

Styret har gjennomført 5 møter i 2025. Det vart samla utbetalt kr. 96.600,- i styrehonorar.

Dagleg leiing

Føretaket sin daglege leiar har vore Ole Tobias Lindeberg.



Bilete: Førstehjelpskurs for frivillige

Styremedlemmar signatur

Daniel Skotheim (leiar)




[Daniel Skotheim \(Mar 15, 2026 13:37:57 GMT+1\)](#)

Anita N. Kristiansen (nestleiar)




[Anita Nysæther Kristiansen \(Mar 16, 2026 10:38:17 GMT+1\)](#)

Ruth Elin Midtbø




[Ruth Elin A. Midtbø \(Mar 19, 2026 10:47:53 GMT+1\)](#)

Anne Kristine Tøsdal



[Anne Kristine Tøsdal \(Mar 18, 2026 08:39:23 GMT+1\)](#)

Henriette Tverli Dale



[Henriette Dale \(Mar 17, 2026 16:37:37 GMT+1\)](#)

Kenneth Smørdal



[Kenneth Smørdal \(Mar 17, 2026 18:39:26 GMT+1\)](#)

Henrik Johannes Askvik



[Susan Askvik \(Mar 19, 2026 09:35:40 GMT+1\)](#)



Takk til våre samarbeidspartnarar i 2025!

